

Foreldere/føresette 1. - 4. trinn

Dykkar ref.

Vår ref.
18/6306 TRHE

Arkivkode
A22

Dato
23.02.2018

Påmelding til SFO.

Hå kommune tilbyr SFO-plass for elevar frå 1. til 4. trinn. Når ein melder seg på SFO, har ein plass ut 4.trinn viss ein ikkje seier opp plassen. Sjå vedlagt reglement.

Opningstida på SFO er 07.00-16.00 kvar dag.

Ein kan velje mellom 12, 14, 18 og 21 timar. Feriar og fridagar er inkludert dei dagane ein har ordinær SFO. Det kjem eigne påmeldingar til dette.

Kryss av for ønska tilbod:

- 12 timar pr veke : kr 1 575,- + kost 40 kr pr.dag.pr mnd
- 14 timar pr veke : kr 1 850,- + kost 40 kr pr.dag.pr mnd
- 18 timar pr veke : kr 2 275,- + kost 200 kr pr mnd
- 21 timar pr veke : kr 2 575,- + kost 200 kr pr mnd

Med helsing
Hå kommune

Ingrid Marie Særheim
rektor

Trine Hess
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kryss av for ønska tilbud, og lever tilbake innan 1.mars

1.- 2.trinn

MORGON 07.00-08.00	Måndag 1.time	Tysdag 1.time	Onsdag 1.time	Torsdag 1.time	Fredag 1.time

ETTERMIDDAG 11.00-16.00	Tysdag 5.timer	Torsdag 5.timer

ETTERMIDDAG 14.00-16.00	Måndag 2.timer	Onsdag 2.timer	Fredag 2.timer

3.-4.trinn

MORGON 07.00-08.00	Måndag 1.time	Tysdag 1.time	Onsdag 1.time	Torsdag 1.time	Fredag 1.time

ETTERMIDDAG 11.00-1600	Tysdag 5.timer

ETTERMIDDAG 14.00-16.00	Måndag 2.timer	Onsdag 2.timer	Torsdag 2.timer	Fredag 2.timer

Elevensnamn: _____

Føresette: _____

Person nr/ldnr: _____

Opplæring og kultur

Kontoradresse: Postadresse: Telefon: Telefax: Org nr: Rådhusg 8, 4360 Varhaug Postboks 24, 4368
Varhaug 51 79 30 00 51 79 30 01 964 969 590

Vedtekter for skulefritidsordninga i Hå kommune frå 01.01.2018

§1 Eigarforhold Hå kommune eig og driv skulefritidsordning. Tilbodet blir gitt til elevar i 1.-4. klasse. For elevar med funksjonshemming kan ein søkje om plass i SFO ut 7. klasse. Kommunen krev utgiftene til ordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

§2 Opptaksmyndigheit Rektor ved skulen har opptaksmyndigheit.

§3 Opptakskriterium Alle som søker om plass i SFO innan 1. mars, er sikra plass. Søkjarar etter fristen får tilbod om plass dersom det ikkje utløyer fleire ressursar.

§4 Opptaksperiode og oppseiing av plassen i SFO

Det vert gitt tilbod om SFO i 11 månader (juli stengt). Det kan veljast eit tilbod som består av formiddagar, ettermiddagar og halve dagar på til saman 12, 14, 18 eller 21 timar. Innvilga søknad om plass i SFO, gjeld ut 4. klasse, eller til dei føresette skriftleg seier opp plassen. **Oppseiing av plassen i SFO eller endring i val av tilbod, må skje seinast to månadar før endring/ sluttdato gjeldande frå den 1. i månaden.** Ved oppseiing av plassen etter 1. april må det betalast for plassen ut skuleåret.

§5 Foreldrebetaling Betalinga for tilbodet om SFO og kost blir fordelt på 11 månader. Tilbodet inkluderer ferie og fridagar, samt heile juni og august. Rett til SFO i feriar, gjeld dei dagane dei til vanleg har eit tilbod om SFO. Ved overgang frå barnehage til SFO i midten august, betalar ein for ein halv mnd. i august.

Det er lik timebetalingssats for alle barn i SFO. Betalingsattsane blir fastsett i eiga sak ved budsjetthandsaminga kvar haust.

Barnet kan miste tilbod om SFO plass ved manglande foreldrebetaling.

§7 Leike- og opphaldsareal SFO skal ha ute- og inneareal som er eigna til dette og blir gitt i sambruk med skulane og eventuelt barnehagane.

§8 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid Dagleg opningstid er til vanleg frå 07:00 til 16:00. Administrasjonen ved kvar skule kan vedta lokale tilpassingar av opningstida. Tilbodet på fleire skular kan samordnast til ein skule. Det blir ikkje gjeve tilbod om SFO i juli. Det er lagt opp til to planleggingsdagar i SFO i løpet av skuleåret.

§9 Forsikring Det er teikna kollektiv ulukkesforsikring for eleven den tida dei er i SFO.

§10 Bemanning og leing Norma for bemanning i SFO er 1 vaksen pr.12 born i første klasse og 1 vaksen pr.15 born i 2.- 4. klasse. Bemanninga blir justert etter tilhøve som alder, gruppesamansetting, funksjonsnivå og born med særskilde behov. Rektor ved skulen er leiar for SFO. Det skal vera minst ein fagarbeidar knyta til SFO tilbodet.

§11 Klage Vedtak som er gjort etter desse vedtektene kan påklagast. Klagen skal endast til skulen. Dersom klagar ikkje får medhald, kan klagen sendast til kommunen sitt klageorgan for endeleg avgjersle.